



Elisabeth Meland Nilsen opnar utstilling i Uskedalen neste fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elisabeth Meland Nilsen (43) er den neste utstillar i kunst- og rammebutikken til Kjetil Dagestad. Fredag kom ho til Uskedalen med ei fascinerande samling av abstrakt fargeprakt, og utstillinga blir hengjande frå neste fredag og fram til jul.

Elisabeth er opprinneleg frå Espe i Ullensvang, men har vore busett i Odda sidan byrjinga på 1980-talet. Ho er gift, har tre barn og arbeider i 75 prosents stilling som barnepleiar på fødeavdelinga som nyleg vart kåra til

landets beste. I resten av arbeidstida har ho delvis arbeidd som terapeut, for Elisabeth har varme hender og er oppteke av alternativ medisin..

Men for tre år sidan skjedde det noko viktig i livet hennar – ho gjekk på eit kurs i vedic art og fekk noko som må ha nærma seg ei åpenbaring. Kuset gav ho utløyning for det kreative og ho vart biletkunstnar sjølv om ho aldri hadde teikna eller måla. Siden har ikkje minst biletkunstnaren Eva Willix frå Lillehammer vore ei rik inspirasjonskjelde for Elisabeth.

- Ho har nok lært meg halvparten av det eg kan, seier ho.
- Kva slags teknikk likar du best?
- I hovudsak vedic art, men er likar også Weidemann-teknikken og er svært fascinert av måleria hans.
- Men du måler ikkje naturalistisk...
- Ikkje no, men kanskje på sikt.
- Dette blir vel ikkje eit levebrød for deg?
- Eg veit ikkje, eg har stadig planar om å finna på noko når eg blir stor. Eg tenkjer til dømes på å skapa noko saman med andre, utifrå stikkorda kurs, utdanning og rekreasjon. Men førebels er det jo berre ein draum.

Elisabeth har hatt utstillingar i Ølen, Stavanger og Odda. Når ho no satsar på Kvinnherad og Uskedalen er det slett ikkje tilfeldig. For det første kjenner ho Kjetil godt frå Odda og for det andre har familien laga seg ein "base" på Enes der dei har hatt campingvogna ståande dei siste fire åra.

Med den som utgangspunkt utforskar dei Kvinnherad steg for steg og til sommaren kjem turen til Uskedalen, lovar Elisabeth.

Ho blir meir og meir glad i Kvinnherad og då ikkje minst av mangfaldet i naturen, som er ein sterk inspirasjonskjelde for den relativt nyfødde kunstnaren.

Av Ola Matti Mathisen